

www.tambarskjelvar.no



Tambarskjelvar idrettslag

ÅRSMØTE 12.MARS KL. 18:00, NAUSTDAL SKULE

ÅRSMELDING 2020, REKNESKAP 2020, BUDSJETT 2021



*sparebanken
sogn og fjordane*

**DIN
SPORT**

INNHALD

1. Saksliste og framlegg til vedtak.....	3
2. Møtereclar (sak 4).....	7
3. Årsmeldingar og arbeidsplanar (Sak 8).....	8
Hovudlaget	8
Arbeidsplan 2021 - Hovudlaget	11
Barneidretts- og idrettsskulegruppa	12
Arbeidsplan 2021 – Barneidretten/idrettsskulen.....	15
Fotballgruppa	17
Aktivitetsplan 2021 – Fotballgruppa.....	23
Friidrettsgruppa	24
Arbeidsplan 2021 - Friidrettsgruppa.....	25
Trimgruppa.....	26
Arbeidsplan 2021 - Trimgruppa	27
Ski- og orienteringsgruppa.....	28
Arbeidsplan 2021 – Ski- og Orienteringsgruppa	34
Triatlon og sykkel	36
Arbeidsplan 2021 - Triatlon og sykkel.....	37
Vektløftargruppa.....	38
Arbeidsplan 2021 – Vektløftargruppa	44
Banestyret for Naustdal stadion.....	45
Arbeidsplan 2021 – Banestyret.....	45
Bruksstyret for Naustdalshallane	46
Arbeidsplan 2021 - Bruksstyret.....	46
Instedalen skianlegg.....	47
Øyra Løken nærmiljøanlegg	51
Arbeidsplan for Øyra Løken Nærmiljøanlegg 2021	54
4. Rekneskap med revisor si melding (Sak 9)	55
Revisormelding.....	68
5. Forslag og saker (Sak 10).....	69
Støtte til kjøp av ny skjeldalsfreS i instedalen skianlegg (Sak 10.1).....	69
Forslag om at tambarsKjelvar il tek over ansvaret for øyra løken nærmiljøanlegg/fritidsområde (SAK 10.2)	70
6. Medlemskontingent (Sak 11).....	71
7. Treningsavgift (Sak 12).....	71
8. Budsjett 2021 (Sak 13).....	72
Budsjett 2021 – Hovudlaget.....	72

Budsjett 2021 – Barneidretten og Idrettsskulen	73
Budsjett 2021 – Fotballgruppa	74
Budsjett 2021 - Friidrettsgruppa.....	75
Budsjett 2021 - Trimgruppa	75
Budsjett 2021 - Ski- og orienteringsgruppa	76
Budsjett 2021 - Triatlon- og sykkelgruppa.....	77
Budsjett 2021 - Banestyret	77
Budsjett 2021 – Vektløftargruppa	78
9. Val (Sak 14).....	80
Styre (sak 14.1)	80
Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett (sak 14.2)	81
Valnemnd (Sak 14.3).....	81

Æresmedlemmer

Ivar Brufbot (1878-1968)

Ola Fimland (1906-1981)

Ingolv Eimhjellen (1906-2000)

Karl Hove (1887-1971)

Kåre Eimhjellen (1924-1992)

Halldor Herstad (f. 1930-2017)

Anders Sæle (1921-2006)

Gunnar Hage (f. 1935)

Erik Horstad (f. 1931)

Arne Grimseth (f. 1948)

Ola Standal (1925-2016)

Norvald Ospehaug (f. 1953)

1. SAKSLISTE OG FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sakslista er i tråd med Årsmøtet sine oppgaver, jf. § 15 i Lov for Tambarskjelvar Idrettslag.

Sak 1 - Godkjenne dei som har røysterett

Sak 2, 3 og 4 - Godkjenne innkallinga, sakslista og møteregeleane

Framlegg: Innkallinga, sakslista og møteregeleane vert godkjent

Sak 5, 6 og 7 - Velje

a. Møteleiar

Framlegg: Jan Magne Herstad

b. Referent

Framlegg: Sigrid A. Førde

c. To medlemmar til å skrive under protokollen

Framlegg: (to av dei frammøtte)

Sak 8 - Handsame idrettslaget si årsmelding, irekna gruppeårsmeldingane

Framlegg: Årsmelding for Tambarskjelvar IL og gruppene 2020 vert godkjent slik dei ligg føre.

Sak 9 - Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand

Rekneskapsførar går gjennom rekneskapet, og revisor går gjennom revisjonsmeldinga, for Tambarskjelvar IL.

Framlegg: Årsrekneskapen 2020 for Tambarskjelvar IL hovudlaget som viser eit overskot på kr 402 236,- vert godkjent slik det ligg føre. Totalrekneskapen 2020 for Tambarskjelvar IL som viser eit overskot på kr 576 711,- vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 10 - Handsame forslag og saker

10.1 – Støtte til kjøp av ny Skjeldalfres i Instedalen skianlegg og etablering av lager/garasje

Instedalen skianlegg as har fremja saka.

Styret i skianlegget og ski- og orienteringsgruppa har ved fleire høve drøfta kjøp av løypemaskin i skianlegget. Saka har også vorte teke opp med styret i Tambarskjelvar og også drøfta med den andre eigaren, Instedalen kring. Årsmøte i ski- og orienteringsgruppa kom til at ein heller ville kjøpe ein ny Skjeldalfres og ein ekstra sporsettar slik at ein har ein i anlegget og ein på parkeringsplassen ved Vonavegen.

Tambarskjelvar løyvde i 2018 200.000 kroner til lysanlegg i skianlegget. Desse midlane vert det ikkje behov for då lysanlegget som kommunen bygger er godkjent som friluftslivanlegg og får 50 % av kostnadene i spelemidlar.

Vidare har skianlegget behov for meir plass til utstyr og materiell, eit lager og ein garasje til å plassere utstyr mm i.

Med bakgrunn i dette foreslår årsmøte i ski- og o-gruppa at dei løyvde midlane (200.000 kr) går til å kjøpe ny Skjeldalfres og å bygge lager/garasje. Vidare at det vert løyvd inntil 100.000 kroner til for å få realisert både kjøp og bygging.

Styret i Tambarskjelvar IL si vurdering:

Instedalen skianlegg as kan nytte dei løyvde 200 000 kroner til ny Skjeldalfres eller lager/garasje, jf. Årsmøtevedtak 16.mars 2018, budsjetthandsaming: *Årsmøtet gir styret i Tambarskjelvar IL fullmakt til å investere kr. 200.000,- til Instedalen skianlegg as.* Beløpet var ikkje spesifisert til lysanlegg.

Saka er elles ikkje tilstrekkeleg opplyst. Saka manglar totalbudsjett som syner finansieringskjeldene. Det er t.d. ikkje opplyst pris for innkjøp av Skjeldalfres/bygging av garasje/lager. Vidare er det ikkje opplyst om ein kan/skal søkje om spelemidlar for utstyr, eller om ein søker andre finansieringskjelder.

Framlegg:

Årsmøtet gir styret i Tambarskjelvar IL fullmakt til å yte eit tilskot på inntil 100 000 kroner til innkjøp av Skjeldalfres/etablering av garasje/lager. Det er ein føresetnad for støtte at saka vert tilstrekkeleg opplyst.

10.2 – Forslag om at Tambarskjelvar tek over ansvaret for Øyra Løken nærmiljøanlegg/fritidsområde

Øyra Løken nærmiljøanlegg/fritidsområde har fremja saka:

Styret for Øyra Løken nærmiljøanlegg meiner det er behov for å drøfte drifta og organiseringa av arbeidet med anlegget som no er bygd ut med fleire anleggseiningar, og det er planar om fleire.

Med bakgrunn i det ber vi om at årsmøte drøfter om Tambarskjelvar vil ta over ansvaret for drifta, vedlikehaldet og utbygginga av anlegget. Det er Sunnfjord kommune som eig arealet, men eit eige styre med representantar for grendalaga har ansvaret for utbygginga og drifta i dag. Tambarskjelvar har eit medlem i styret, men idrettslaget står ikkje som medlem/deltakar i organisasjonen.

Bakgrunnen for å ta dette opp er at anlegget truleg vil verte brukt meir og meir av grupper i idrettslaget når dei ulike anleggseiningane vert ferdige. Grendalaga/velforeiningane er svakt organisert og fleire har liten aktivitet. Nokre av grendalaga som var med og skipa organisasjonen er ikkje lenger særleg aktive. Med at Tambarskjelvar overtek vil utbygginga og drifta verte sikra på ein god måte.

Styret i Tambarskjelvar IL si vurdering:

Saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst. Saka manglar vesentleg informasjon om kva ei slik overtaking vil krevje av idrettslaget totalt sett. T.d. ligg her ikkje ved informasjon om utbyggings- og driftskostnader for anlegget. Det må gjerast eit forarbeid før idrettslaget kan ta ei vurdering på kva dette vil innebære, både med omsyn til kostnader og ressursinnsats (dugnad).

På generelt grunnlag er det styret si vurdering at Tambarskjelvar IL skal leggje til rette for aktivitet, ikkje drifte og vedlikehalde anlegg.

Framlegg: Saka vert utsett. Øyra Løken nærmiljøanlegg/fritidsområde må skriftleg opplyse saka tilstrekkeleg i form av kva forplikingar og moglege økonomiske og andre konsekvensar som kan vere relevante for idrettslaget.

Sak 11 - Fastsetje medlemskontingenten

Tambarskjelvar IL ynskjer å skape idrettsglede for alle og er oppteken av at våre avgifter ikkje hindrer deltaking.

På idrettsforbundet sine sider finn vi mykje og god informasjon om korleis vi kan arbeide med dette temaet: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/okonomi-som-barriere/>

Familiekontingent fordrar til dels mykje vedlikehald av medlemmane gjennom Minldrett, og dette ser vi er utfordrande. Vi trur det vert meir oversiktleg for alle om vi berre har individuelle medlemskap.

Gjennom familiekontingenten har idrettslaget hatt mange støttemedlemmer. Vi foreslår ny ordning for dei som vil støtte oss utan å vere aktive.

Framlegg: Satsane vert endra:

Barn: 50,-

Ungdom: 100,-

Vaksne: 200,-

Støttemedlem: 100,-

Familiekontingent vert fjerna.

Sak 12 – Vedta treningsavgift i særgruppene

Framlegg: Årsmøtet gir dei enkelte særgruppene fullmakt til å fastsette treningsavgift.

Sak 13 - Vedta idrettslaget sitt budsjett

Framlegg: Tambarskjelvar IL sitt budsjett for 2021 vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 14 – Val

14.1 Styre

14.2 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett

Framlegg: Årsmøtet gir styret fullmakt til å oppnemne representantane

14.3 Valnemnd

Innstilling frå valkomiteen vert presentert i møtet.

Utdeling av Æresmedlemskap, Heidersteikn og takk for innsats til dei som går ut av hovud- og gruppestyre.

2. MØTEREGLAR (SAK 4)

1. Årsmøtet vert leia av den møteleiaren som vert valt.
2. Protokollen vert ført av valt referent.
3. Ingen representant får rett til ordet meir enn 3 gongar i same sak. Unnatak gjeld presentasjon av årsmeldingar. Unnatak gjeld og innleiingsføredrag i høve sakslista med taletid 5 minuttar.
4. Møteleiaren kan korte ned taletida og setje strek for talelista etter behov.
5. Representantar som forlanger ordet til møtereglane har 1 minutt taletid.
6. Alle forslag skal leverast skriftleg til møteleiaren, og vere underteikna representanten sitt namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på sakslista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast tilbake og nye forslag kan ikkje settast fram etter at strek er satt, eller saka er teken opp til votering.
7. Med unnatak av lovendingar vert alle vedtak og val avgjort ved fleirtal av dei avgjevne stemmane. Om det vert nytta skriftleg val, tel ikkje blanke stemmesetlar og stemmane vert rekna som ikkje avgjevne.
8. I protokollen førast det inn kven som har hatt ordet i sakene, forslag og vedtak med tal stemmar for og imot.

3. ÅRSMELDINGAR OG ARBEIDSPLANAR (SAK 8)

HOVUDLAGET

Styret	
Leiar	Siss-May Edvardsen
Nestleiar	Sigrid A. Førde
Styremedlem	Anne Sofie Berntsen (kasserar, ansv. Barneidrett)
Styremedlem	Pål Arve Myklebust (ansv. Politiattest)
Styremedlem	Frode Solvik
Styremedlem	Janne Takset Nøstdal
1. vara	Ann Karin Andvik
2. Vara	Runar Hovland

Gruppleiarar	
Allidrett	Eigil Instebø
Fotball	Espen Langedal
Friidrett	Jan Magne Åsnes
Ski- og orientering	Åsmund Berthelsen
Triatlon- og sykkel	Vidar Slettehaug
Trim	Merete Myklebust
Vektløfting	Steinar Kvame

Revisorar Renate Aarseth Horstad
 Mari Slagstad Aamot

Utval valt på årsmøtet 2020

Valnemnd: Ole Jonny Klopstad (leiar), Anne Marit S. Rygg, Fredrik Myrvang

Idrettsmerkeutvalet: Sigrid Gjelsvik, Jan Magne Åsnes og Jørn Helgheim

Representasjon

Bruksstyret (Naustdalshallen): Siss-May Edvardsen

Banestyret (Naustdal stadion):

Instedalen skianlegg:

Øyra-Løken nærmiljøanlegg:

Sunnfjord idrettsråd: Siss-May Edvardsen

Styret sitt arbeid

Styret har hatt fem styremøte og handsama 19 saker.

Informasjon og marknadsføring

Heimesida vår har høvesvis lite aktivitet, men referat frå styremøte vert publisert her. Kalender for utleige av Naustdalshallen vert fortløpande oppdatert.

Facebooksida til idrettslaget er godt besøkt.

Faste støttespelarar

Det vart inngått femårig avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane i 2018.

Vi har avtale med ScanTrade om Umbro-klede. Vi har avtale med lokal forhandlar DinSport som vart inngått i 2015 og som går ut ved nyttår 2020.

Utdanning

Det har ikkje vore utstrakt aktivitet med omsyn til utdanning i styret i 2020.

Særforbund

Tambarskjelvar er medlem i desse særforbunda: Norges Skiforbund, Norges Badmintonforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Friidrettsforbund, Norges Vektløftarforbund, Norsk Styrkeløftforbund, Norges Handicapidrettsforbund, Norges Gang- og turmarsjforbund, Norges Triatlonforbund og Norges sykkelforbund.

Aktivitet

Grunna koronaviruset vart det innført smittevernreglar i Norge frå og med 12.mars 2020. Smittevernreglane har vore endra gjennom året, noko som har medført ulik grad av aktivitet i idrettslaget. Vi måtte diverre avlyse Sunnfjord Triatlon som følgje av koronaviruset.

Medlemstal

Under er vist medlemsutvikling totalt sett.

	2016	2017	2018	2019	2020
Totalt	1289	1245	1280	1192	1087

Anlegg

Tabellen under viser anlegg Tambarskjelvar IL driftar. I tillegg bidreg vi til drift av

Anleggsnavn	Eier	Anleggstype	Anleggsklasse	Drifter	Anleggsstatus	Byggeår
Kalland hoppbakke	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Hoppbakke	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Ukjent	1973
Kallandsåsen okart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Orienteringskart	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	1988
Naustdal barne og u. skule - nærmiljøkart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	1989
Helgåsmarka okart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Orienteringskart	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	1975
Tambarbakken - hoppbakke	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Hoppbakke	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nedlagt	1960
Fimlandsgrend okart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Orienteringskart	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	1979
Åsedalen lysløype	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Tur-/skiløype	Ordinært anlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Ukjent	1985
Stavdalen o-kart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	1989
Mitredalen skule - nærmiljøkart	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	1982
Naustdal stadion - 8kant ballflate	NAUSTDAL KOMMUNE	Liten balløkke/- bane	Nærmiljøanlegg	TAMBARSKJELVAR IDRETTSLAG	Eksisterende	2013

Naustdalshallen 1 og 2: sjå årsmelding frå Bruksstyret.

Naustdal stadion: sjå årsmelding frå Banestyret.

Skianlegg i Instedalen: sjå melding frå Instedalen Skinlegg.

Øyra Løken nærmiljøanlegg: sjå årsmelding frå Øyra Løken Nærmiljøanlegg

Årsregnskap

Årsrekneskapen 2020 for Tambarskjelvar IL hovudlaget viser eit overskot på kr 402 236,50.

Totalrekneskap 2020 for Tambarskjelvar IL som viser eit overskot på kr 576 711,42.

Aktivitetstilskott frå kulturdepartementet kr 210 843.

Norsk Tipping, Grasrotandelen kr 144 649,41 .

Link Bingo kr 75 437,88.

Idrettslaget har ein solid økonomi med ein solid eigenkapital på kr 5 151 948,- ved årsskiftet. Gruppene gjer ein god jobb med å sikre inntekter til eigne aktivitetar.

Vurdering av arbeidet

Tambarskjelvar IL er god på eit mangfald av aktivitetar, på arrangement, på dugnad og på å samarbeide. Økonomien i laget er stabil, med gode inntekter frå medlemskontingent, kulturmidlar frå Sunnfjord kommune (nytt f.o.m. 2020), Link bingo og Grasrotandelen i Norsk Tipping. Gode medlemstal gir tildelingar gjennom aktivitetstilskottane til NIF.

Vi takkar alle tillitsvalde og styremedlemmar i gruppene, styremedlemmar og dugnadsarbeidarar i Naustdalshallen, på Naustdal stadion, Instedalen skianlegg og foreldre som har vore med og bidrege slik at born og unge i Naustdal har eit mangfald av idretts- og fritidstilbod.

Takk til våre sponsorar!

Naustdal, 28.02.2021

Siss-May Edvardsen

Pål Arve Myklebust

Frode Solvik

Anne Sofie Berntsen

Janne Takset Nøstdal

Sigrid A. Førde

ARBEIDSPLAN 2021 - HOVUDLAGET

Styret har starta med å få på plass ein organisasjonsplan/Klubbhandbok for Tambarskjelvar IL ila 2021. Vi vil involvere gruppene etter kvart.

Vi vil vidare arbeide i tråd med vedtak frå årsmøtet.

BARNEIDRETTS- OG IDRETTSSKULEGRUPPA

Leiar Eigil Instebø, kasserar Marte Oline Hunskår, styremedlemmar Andre Klingenberg, Janne Nøstdal og Susanna Storholm

MØTER

Styret har hatt 5 møter i 2020. I tillegg er mykje av dei praktiske oppgåvene løyst fortløpande utan formelle møter. Tema på møta har mellom anna vore evaluering av sesongen, fordeling av arbeidsoppgåver i styret, nytt årshjul, informasjon, rekruttering av trenarar og gjennomføring av arrangement som t.d. nissemarsjen.

REGISTRERING

For barneidretten og idrettsskulen sine treningar innandørs i hallen er det registrert namn og fødselsår på borna, samt namn og kontakinformasjon på føresette. Føresette kryssar av på oppmøteliste på kvar treningsøkt borna er på.

UTDANNING

Det vart arrangert trenarkurs for barneidrettsgruppa i Naustdal i november 2020. Sogn og Fjordane friidrettskrins sto som arrangør med Norges friidrettsforbund sitt kurs «Friidrett for barn». Totalt 7 stk. gjennomførte kurset noko som var veldig bra. Kursdeltakarane hadde ei teoriøkt via Teams 19.nov kl. 20-22. I tillegg gjennomførte alle eit online e-læringskurs. Den praktiske økta fann stad søndag 22.november i Naustdalshallen. Deltakarane lære mange ulike leikøvingar for å lære grunnleggande ferdigheit innan ulike kast, hopp og løpsøvingar. Dei fekk også prøve seg på planlegging og gjennomføring av trening på ei gruppe barn frå 7-10år. Kurset var vellykka og kunnskapen har deltakarane tatt med seg inn i den vanlege treninga av barn i hallen.

AKTIVITETAR

Hovudmålsettinga er å få borna glade i å drive med fysisk aktivitet og samtidig få stimulert grunnleggande motoriske ferdigheter. Vidare er det eit mål å drive allsidig idrett lengst mogleg og dermed utsetje spesialisering.

Barneidretten har ei trening i veka innandørs, og tilbod om deltaking på ski saman med idrettsskulen på vinteren. Totalt 36 treningar for sesongen. Treningane innandørs er organisert i 3 grupper i høve til alder; 2-3 år med ca 10-15 deltakarar, 4-5 år med ca. 15-25 deltakarar og 6 åringar (1. klassingar) med ca 15 deltakarar. Totalt ca 40-60 barn. For dei minste borna har det blitt lagt vekt på leik og allsidig aktivitet i lag med foreldre. For dei to eldste gruppene er det meir organisert aktivitet som er leia av frivillige foreldre som ønsker å bidra. Opplegget er variert ut frå den ansvarlege sine kunnskapar og erfaringar frå ulike aktivitetar. Det skal stimulerer til allsidig aktivitet som utviklar fysiske, psykiske og sosiale dugleikar.

Det er kjempeflott at foreldre ønsker å bidra med ansvar for treningane på dei ulike gruppene. Utan denne hjelpa kunne vi ikkje arrangert eit så variert og flott opplegg for denne aldersgruppa!

Etter koronapandepien råka landet og Norge vart stengt ned 12.mars 2020, så vart det ikkje arrangert fleire barneidrettstreningar den våren. Etter haustferien 2020 vart det starta opp att barneidrett. Det vart planlagt eit strengt smittevernreglement så

treningane kunne gjennomførast etter reglar frå kommunen. I praksis må det seiast at det var vanskeleg å overhalde dette fullt ut, og at barn frå ulike kohortar ikkje skulle ha kontakt med kvarandre gjennom økta. Dette er ikkje berre barneidretten som har hatt utfordringar med dette året, men vi gjorde så godt vi kunne. Så får ein også prise seg lykkelege for at det generelt var lite smitte i Sunnfjord kommune denne vinteren.

Idrettsskulen er lagt opp med to treningar i veka gjennom heile skuleåret 2019-2020, totalt 74 treningar. Aktivitetane er; fotball, sykkel, orientering, friidrett, vektløfting, judo, volleyball, handball, rugby, turn og ski. Nye aktivitetar for denne sesongen er tennis gjennom Førde IL og basketball frå Eikefjorden.

Særgruppene i Tambarskjelvar har stilt opp med trenarar på ein flott måte innan sine idrettar. På judo, handball, turn, rugby og tennis har vi henta inn ekstern hjelp. Deltakinga gjennom vinterhalvåret har vore rundt 20stk.

André Klingenberg frå styret er lærar på NBU. Han informerte iherdig om idrettsskulen sitt opplegg inne i dei ulike klassane allereie første veka etter skulestart hausten 2020. I tillegg vart det informert meir på sosiale medium om tilbodet. Dette førte til strålende oppmøte på alle treningane utover hausten. Dette må vidareførast til seinare år.

Det lykkast ikkje å få Førde IL turn til å stille i år heller. Men vi rodde i land turnaktivitet med der underteikna og Øystein Garfors stilte som trenarar. Det vart bra oppmøte og mange lærte nye aktivitetar sjølv utan turntrenarar frå Førde IL.

GENSARAR TIL TRENARAR I BARNEIDRETTE

Det har i fleire år vore rutine at trenarar i barneidretten skal frå lagsgensar med påtrykt eige namn. Dette har vore ein bra idé, men prosessen har vore kronglete og tidkrevjande. Styret avgjorde på evalueringsmøtet etter fjorårets sesong at ein skulle gå vekk frå dette framover. Gensarane er dyre og vi kan ikkje lenger forsvare å bruke så mykje pengar på dette. Planen er heller eventuelt å få tak i overtrekksvestar der det står «trenar» på ryggen, som ligg i hallen og trenarane tek på seg før kvar økt. Dette er ikkje iverksett enda grunna koronapandemien.

ARRANGEMENT

Alle arrangement som avslutninga på Øyra/Løken, Sanden Søndag (der Allidrettsgruppa ofte har hatt stand saman med O-gruppa), samt nissemarsjen 2020 vart avlyst grunna koronapandemien.

UTSTYR HALLEN

Mykje nytt utstyr vart kjøpt inn i Naustdalshallen sist sesong. Med nytt utstyr på plass stiller det krav til betre organisering av lagerplassen. Noko av utstyret som vart kjøpt inn i fjor vart fort øydelagt etter feil bruk av skuleelevar. Dette ønsker vi ikkje skal skje vidare og det jobbast med å få til eit eige skåp som barneidretten kan ha sine skumgummimodular for den minste gruppa. Underteikna har tatt på seg jobben med å prosjektere og eventuelt bygge dette ved behov, men slike ting krev ofte nøysomt forarbeid i eit kommunalt bygg. Det jobbast vidare med det for å få det på plass i 2021.

Underteikna fekk sponsa 50stk refleksvestar frå Kongleriket (Sparebanken Sogn og Fjordane) så dei minste barna har vestar som er tilpassa deira storleik. I tillegg var tanken å ha refleksvestar så dei kunne nyttast under nissemarsjen der Sparebanken Sogn og Fjordane har vore hovudsponsor og medarrangør i fleire år. Diverre vart ikkje nissemarsjen arrangert i år, men refleksvestane står seg og kan brukast igjen seinare.

POLITIATTESTAR

Etter avklaring med idrettskrinsen treng ikkje trenarar på barneidretten, som går på omgang blant foreldra som er til stades, politiattestar. Heller ikkje dei under 15 som er trenarar. På idrettsskulen må særgruppene sjølv sikre at dei som er trenarar har politiattest.

NYTT STYRE

Eigil Instebø, André Klingenberg, Janne Nøstdal, Marte Oline Hunskår, Susanna Storholm

Styre konstituerer seg sjølv på første møte innan utgangen av april 2021.

ARBEIDSPPLAN 2021 – BARNEIDRETTEID/IDRETTSSKULEN

ALDERSGRUPPA 2 -6 ÅR

Mål: Det overordna målet er å gje barna moglegheit til å meistre ulike ferdighetar, og på den måten legge grunnlag for varig lyst til å drive med idrett og fysisk aktivitet. All aktivitet barneidrettsgruppa legg til rette for skal vere i eit trygt miljø slik at det skapar tryggleik og trivsel.

Aktivitetar: Det vil bli lagt opp til aktivitet frå oktober til mai. Vi ynskjer å stimulere borna til aktivitetar knytt til alle årstider og legg opp til nokre *ute-av-hallen* aktivitetar som orientering, ski og friidrett/basis når det er sesong for slikt.

Plan: Nytte idrettshallen slik som vi gjer i dag og involvere foreldre som trenarar. Nytte stadion, skianlegget Instedalen og nærmiljøanlegget ved Øyra/Løken-feltet til uteaktivitet.

Konkrete tiltak:

- Nokre av borna er skeptiske til å vere med på aktivitet aleine. Då har det vore veldig effektivt å legge opp aktivitetar der også foreldra er med og leikar, i staden for at dei set og ser på. Vidareutvikle dette så ungane blir trygge på seg sjølv og andre jamaldringar.
- Stimulere til at foreldre tek kurs for å kunne legge opp til meir varierte treningar.
- Arrangere nye trenarkurs hausten 2021.
- Søke midlar til vidareutdanning av trenarar.
- Utarbeide øvingsbank for trenarane så det er lettare å legge opp treningar for ulike grupper.

ALDERSGRUPPA 7-12 ÅR

Mål: Auke det fysiske aktivitetsnivået til barn i Naustdal og gi dei eit attraktivt og variert tilbod. Vi søker å utsetje spesialisering, ved å utvikle integrert og allsidig aktivitetstilbod som gjev gode basiskunnskapar innan fysisk aktivitet. Vi legg også vekt på å skape kjensle av meistring ved at ungane får prøve seg i ulike aktivitetar, samt gi kjennskap om dei ulike idrettsgreinene og særgruppene. Det er også viktig å hindre fråfall gjennom å skape gode assosiasjonar til fysisk aktivitet og idrett. Sist men ikkje minst ynskjer vi å gjere det enklare for foreldre å planlegge fritidsaktivitetar for ungane, ved at ein slepp å prioritere mellom ulike aktivitetar.

Plan: Årshjulet vert lagt opp som tidlegare. Årshjulet er variert og omfattar mange ulike idrettsgreiner. Tilpassingar vil bli gjort der det er naudsynt. Dersom nokon inne med eigne interesser, eller veit om nokon som kunne hatt ønske om å hjelpe til med nye treningstilbod så er styret interessert i å komme i kontakt med deg.

Konkrete tiltak:

- Gjennomføre evalueringsmøte i løpet av april 2021, der alle trenarane som har vore involvert i idrettsskulen samt styret i barneidrettsgruppa deltek. Basert på dette møtet vert nytt justert årshjul laga, med uttalefrist frå særgruppene innan midten av juni.

- Fortsette slik som i år med tidleg informasjon inne i klassane på skulen og aktivitetstilboda i idrettsskulen.
- Utsette oppstart av idrettsskulen ei veke slik som i år, så vi får ut informasjon om treningane før første treningsdag.
- Informere om tilboda i idrettsskulen på felles foreldremøte i skulen tidleg på hausten

TRENARANE

Trenarane si hovudoppgåve er å planlegge og leggje til rette for eit trygt aktivitets- og læringsmiljø. Ein føresetnad for å få dette til er at dei ansvarlege har gode kunnskapar om barn sin vekst og utvikling. Barneidrettsgruppa har på bakgrunn av dette eit mål om å tilby kurs til trenarar og stimulere fleire til å engasjere seg og til å ta på seg trenar/tilretteleggingsansvar.

FOTBALLGRUPPA

Kalenderåret 2020 har vore eit spesielt år med redusert aktivitet grunna covid-19. Heile vårsesongen vart kansellert som følgje av pandemien. Det førte også til at Kongleriket Miniputt som vi hadde fått tildelt 7. juni vart avlyst.

Dei aldersbestemte laga spela halv sesong som starta opp på seinsommaren, medan det aldri vart opna opp for seriespel på breiddenivå i seniorfotballen.

Vi har sett ein nedgang i talet spelarar i løpet av året 2020. Det førte mellom anna til at vi måtte trekke to jentelag frå seriespel rett før sesongen skulle ta til.

Styret 2020

Leiar Espen Eithun Langedal (2019-2021) på val

Nestleiar Bjørn-Ole Hjørnevik (2019-2021) på val

Kasserar Gunnar Naustdal (2020-2022)

Medlem Gunn Kristin Steindal (2020-2021) på val

Medlem Ann-Kristin Nigardsøy (2020-2022)

Medlem Frank Cirotzki (2019-2021) på val

Medlem Tore Personbråten (2020-2022)

Medlem Sven Carlsen (2019- 2021) på val

Styret har hatt seks styremøter, derav to nettbaserte som følgje av covid-19. I tillegg har vi vore representerte på møter i hovudlaget som vi har fått innkalling til.

Styret har hatt kontinuitet gjennom fleire sesongar. 2020 har vore eit utfordrande år der vi har støtt på utfordringar sidan all idrettsaktivitet vart stengd ned torsdag 12. mars som følgje av coronapandemien. Samstundes har det vore krevjande å følgje med, og å vidareformidle til gruppene våre, dei stadige oppdateringane i samband med lemping på restriksjonar og gradvis gjenopning av fotballaktiviteten.

Det nye styret er samansett slik:

Sven Carlsen, leiar

Bjørn Ole Hjørnevik, nestleiar

Gunnar Naustdal, styremedlem

Ann Kristin Nigardsøy, styremedlem

Tore Personbråten, styremedlem

Frank Cirotzki, styremedlem

Gunn Steindal, styremedlem

Mari Slagstad Aamot, styremedlem

Barnefotball 2014-2008

Trenarar og lagleiarar barnefotballen:

Gut/jente 6 (2014):

Trenar: Pål Arve Myklebust og Trond Hatleset

Gut/jente 7 (2012):

Trenarar: Steinar Kvame og Silje Senneset Skilbrei

Gutar 8 (2012):

Trenar: Arne Nes

Gutar 9 (2011):

Trenarar: Tormod Bårøy og Jogeir Birkeland

Kontaktperson: Karen Marie Reiakvam

Gutar 10 (2010):

Trenar: Eirik Hjørnevik

Kontaktperson: Rune Solheim

Jenter 10 (2010):

Trenar: André Eilertsen

Kontaktperson: Arnt Willy Nesbø

Vi starta året med innetreninger, før vi reiste til Florø på Veslefrikk turneringa i mars (veka før skulane stengte), der spelte vi med 2 lag, og vann ca halvparten av kampane.

Vi starta å trene igjen når det blei lov igjen.

Har spelt 8 kampar i haust. Der vi har vunne 4 av dei, og tapt knapt dei 4 andre.

Jentene har hatt svært god framgang i haust. Er ein fin sammensveisa gjeng. Vi har jo og fått inn 5 jenter fødd 2009, dei har glidd fint inn i gruppa vår.

I dei siste kampane i haust har vi vore litt få spillere, 2 som ser ut som dei har gitt seg, men ikkje heilt sikkert enda.

Ellers har vi hatt 4 innetreninger hittil, der har vi vært 10 til 15 kvar gang. Så dette er bra!

Gutar 12 (2008)

Trenar: Knut Vinje Galaasen

Kontaktperson: Sven Carlsen

Ungdomsfotball (2007-2003)

Gutar 13/14 (2007-2006)

Trenarar: Are Iversen og Alexis Thingnes

Kontaktpersonar: Ragnhild Reiakvam og Benedicte Garfors

Vi var med på km-kvalik for G13 og G14 i Førdehuset, og begge gjorde det bra, men uten å kvalifisere seg. Etter nedstenginga starta vi med koronatreningar etter påske og holdt på fram til sommarferien.

Seriespel med 8 kampar mot veldig tøff motstand i 11-serien på hausten. Tapte alle kampane, men vi spelte nokre jamne kampar. Vi starta sesongen med 18 spelarar og endte med 15. Vi har hatt godt oppmøte på trening og hatt ein sosial kveld med bowling.

Jenter 13/14 (2007-2006)

Trenar: Ricardo Vergara og Endre Aaberg

Kontaktperson: Ida Marie Kvalstad Stuhaug og Veronica Tansø

Gutar 15/17 (2005-2004-2003)

Trenarar: Roger Edvardsen og Geir Personbråten

Kontaktperson: Ann Kristin Dobbe Personbråten

KM-futsal:

G15 gutane kom på tredjeplass i sin kvalifiseringsrunde og kvalifiserte seg til KM-sluttspillet.

I KM-sluttspillet vart det tap i første kamp mot Jotun i innleiande runde. Resten av kampane vann dei og gutane gjekk vidare til sluttspillet. Her spelte dei seg heilt fram til finalen, der dei møtte Jotun igjen. I ein jamspelt og tett finale vann gutane 2-1 etter ekstraomgangar. Ein super start på sesongen for gutelaget.

Gutelaget stilte med eitt lag sesongen 2020. Grunna pandemien var vi utan felles trening mellom 12/3-30/4. Vårsesongen vart avlyst.

11-ar-serien.

Her var vi meldt på i 2.divisjon og hadde 7 kampar på hausten. Vi vann seks kampar og spelte ein uavgjort. Dermed blei vi avdelingsvinnarar. I tillegg la kretsen opp til to ekstrakampar etter sesongavslutning. Vi gjennomførte den eine kampen, der vi vann mot Askvoll/Holmedal. Den siste kampen vart avlyst grunna snøfall.

Sesongen har vore utfordrande å gjennomføre, spesielt med tanke på oppmøte på trening. Det gjaldt dei eldste spelarane. Gjennomføring av kampar gjekk fint. Vi hadde i tillegg ein 18-åring med på trening og kamp, då han ikkje hadde kamptilbod på sitt nivå.

Cupar

Vi deltok ikkje på cupar denne sesongen grunna korona og avlyste turneringar. Vi håpar at det blir mogleg å delta på cupar i 2021-sesongen.

Jenter 15/17 (2005-2004-2003)

Trenarar: Tore Personbråten, Oddvar Hukset, Jan Kåre Rygg og Ann-Kristin Nigardsøy

Kontaktperson: Øystein Ullaland

Året starta med styrke- og kondisjonsbygging. Lite halltid (pga. kostnadsauken) og treningsvillige jenter, førte til 2 ekstra treningsøktar i veka – med delte grupper. Ei utetrening med jogging og intervalløp, og ei økt i trimrommet på kommunehuset. Trenarteamet Tore, Jan Kåre og Oddvar m/Øystein som oppmann, såg fram til ein vårsesong med eit jentelag i storform!

Då Koronaen stogga opplegget vårt, talde gruppa 8 jenter frå 2005 kullet, 4 frå 2004 og 6 frå 2003. Til sein seriestart var 2005 jentene redusert til 6, men vi hadde fått med Thale Seljeseth (2006 modell frå Eikefjord), så vi hadde ein spelestall på 17 spelarar. Ann-Kristin var tilbake i trenarteamet, og Jan Kåre trakk seg ut i løpet av sommaren.

Vi fekk til ein treningskamp mot samarbeidslaget Florø/Dale, før seriespelet med Nordfjord-gruppa tok til.

Kort oppsummert serie: Jentene våre spelte jevnt med dei beste når dei først «var på!» I fleire kampar stod jentene fram med flott og underhaldande angrepsfotball, så Tore vart skikkeleg stolt på deira vegne (Må framheve sigeren borte mot Jølster). Men til tider datt nivået ned på motstandarlaget sitt nivå, og vi gikk på tap i kampar vi eigentleg burde tatt.

I serien kom vi på 3. plass i gruppa. Det vart arrangert plasseringskampar mellom gruppene, og vi møtte Florø/Dale til to kampar om 5. og 6. plass. Vi kom på 6. plass. Jentelaget mangla «storscoraren» i år, som omset fleire av sjansane til mål. Spelarar ute med skader var vi heller ikkje spart for, så resultatet etter seriespelet er vi godt fornøgde med.

Jentene frå 2006 kullet er tatt opp i jentegruppa, og vi ser samtidig ei avskaling blant dei eldste.

Treningsviljen er stor, og vi er jamt 14–17 spelarar på treningane.

Vår eminente oppmann Øystein takka for seg etter sesong, og det vert eit stort sakn. Her er viktige sko å fylle...

Ser fram til vinterserie og KM-spel.

Helsing trenarteamet.

Senior herrer

Trenarar: Håkon Svoen og Jan Magne Langedal

Kontakperson: Bjørn-Ole Hjørnevik

2020 har vore eit rart fotballår. Vi rakk 3 treningskampar før koronaepidemien stoppa oss.

26/1 Tambar - Dale 3 - 8

9/2 Tempo – Tambar 4 – 3

7/3 Hyen – Tambar 3 – 2

A – laget starta opp med treningar 14. januar, 2 dagar i veka, og hadde eit frammøte på om lag 25 spelarar. Det har vore stabilt frammøte på tett opp under 20 mann gjennom hausten og vinteren - utan pause.

Vi miste nokre sentrale spelarar på seinsommaren, då dei reiste vekk for å studere.

Spelarane er i god form, og naturleg nok skuffa over at sesongen gjekk i vasken.

Det er godt miljø i spelargruppa, og vi har ikkje hatt konflikter av noko slag på treningane.

Vi trenarane har hatt det kjekt på treningane, og frammøte tyder på at spelarane også har likt seg.

Så satsar vi på at neste sesong blir normal, og at vi får spele fotball att.

Forza Tambar.

Anna aktivitet i fotballgruppa

Alle kretstiltak i 2020 vart innstilt grunna covid-19.

Dommarar

Vi set umåteleg stor pris på klubbdommarane som vi har i Tambarskjelvar. Utan dommar vert det ingen kamp.

Dommarar som har dømt kampar på Naustdal stadion i 2020: Simon Dobbe Personbråten, Marius Fagerheim Aase, Truls Savland Røyseth, Ingrid Marie Vatne Rygg, Johanna Vatne Rygg, Odd-Kaare Nøstdal, Sven Carlsen, Svein Arne Nordheim og Pål Arve Myklebust

Elles er det veldig synd for dei yngste dommarspirane våre at Kongleriket Miniputt i Naustdal vart avlyst då dette er ei fin turnering som har vore inngangsporten for våre unge, lovande pipeblåsarar.

Trenarkurs

Arnt Willy Nesbø og Espen Eithun Langedal har delteke på Grasrottreinar delkurs 2. Kurset var nettbasert med e-læring og nettbaserte samlingar leia av trenarutviklar Anders Stadheim i NFF Sogn og Fjordane.

Fotballfest

Dei siste tre sesongane har vi arrangert eigen fotballfest der vi har gjort stas på våre egne. Både spelarar, trenarar, kontaktpersonar, dommarar og andre frivillige i fotballen frå 10 år og oppover har vore invitert. Som følgje av covid-19 valte vi å avlyse fotballfesten i 2020.

Kretsting

Kretsting vart også avlyst grunna covid-19. Det skal etter planen haldast leiarmøte i løpet av februar 2021.

Økonomi

Mindre aktivitet betyr mindre pengar i klubbkassa som følgje av reduserte kioskinntekter i samband med kampar og turneringar. Men det betyr også reduserte utgifter i samband med avgifter til krets og dommarar.

Kasserar gjennom ei årrekke, Gunnar Naustdal, er som alltid ryddig og syter for at vi har orden på økonomien i fotballgruppa.

Til tross for oppmoding frå NFF Sogn og Fjordane om å oppretthalde full treningskontingent valde vi i fotballgruppa å halvere treningskontingenten for sesongen 2020.

Det nye styret er samansett slik:
Sven Carlsen, leiar
Bjørn Ole Hjørnevik, nestleiar
Gunnar Naustdal, styremedlem
Ann Kristin Nigardsøy, styremedlem
Tore Personbråten, styremedlem
Frank Cirotzki, styremedlem
Gunn Steindal, styremedlem
Mari Slagstad Aamot, styremedlem

Byrkjelo, 21.02.2021

Med beste helsing

Leiar Espen Eithun Langedal

AKTIVITETSPLAN 2021 – FOTBALLGRUPPA

Mnd	Aktivitet	Lag/Stad
Januar	Futsalturneringar SFFK Sonemøte Sunnfjord	Fleire lag frå Tambar Digitalt
Februar	KM kvalik 13-19 år Påmelding seriespel SFFK Lagleiarmøte Sunnfjord Årsmøte fotballgruppa	Førdehuset/Utvik 1.februar Digitalt 28.02. Møterom/Speakerbua
Mars	Påmelding barnefotball SFFK Keepersamlingar/trening Klubbdommerkurs Invitasjon til seksåringane	Naustdal stadion Naustdalshallen, møterom Naustdal evt. andre klubber
April	Seriestart nokre aldersbestemte lag Fotografering av alle laga til Tambar	Naustdalshallen
Mai	Seriestart aldersbestemte lag Kongleriket turnering 6- 9 år	09.05.21
Juni	Kongleriket turnering 6- 9 år Førde Cup Grodås Cup (EMS-cup) Selje Cup Lerum Cup *Andre aktuelle cuper	13.06.21 Hafstadparken Selje Sogndal/Kaupanger
Juli	Norway Cup Fellestreningar fleire årsklasser *Andre aktuelle cuper	Ekebergsletta, Oslo Naustdal stadion
August	Kongleriket turnering 6- 9 år	29.08.21
September	Kongleriket turnering 6- 9 år	19.09.21
Oktober		
November	Førde Cup innandørs 13-19 år Miljøhelg NFF Sogn og Fj.	Førdehuset Sunnfjord Hotel
Desember	Fotballfest Tambar Fotball	Naustdalshallen/Skulen

FRIIDRETTSGRUPPA

Leiar	Jan Magne Åsnes
Nestleiar	Jan Kåre Rygg
Sekretær/kasserar	Ann Karin Liabø Iversen
Styremedlem	Agathe A. Slettehaug

Treningar

Kl. 20 – 22 på måndagar i hallen for ungdom/vaksne i vinterhalvåret og trim/fjellturar i sommarhalvåret.

Ca. 15 er med inne i løpet av vinteren.

På trim/fjellturane er det god oppslutning, men vi oppfordrar fleire til å vere med.

Treningane for dei yngste er på torsdagane frå 18.30 til 20.00.

Det er fleire med no enn året før, god oppslutning.

Dei som deltek likar opplegget, og vi kjem til å halde fram med treningsforma.

Det er lite uro og forstyrningar, trenarane treng ikkje bruke tid på å halde orden.

Styret 2021

Leiar	Jan Magne Åsnes
Nestleiar	Jan Kåre Rygg
Sekretær/kasserar	Ann Karin Liabø Iversen
Styremedlem	Agathe A. Slettehaug

ARBEIDSPLAN 2021 - FRIIDRETTSGRUPPA

Grappa har som mål å gi allsidig opplæring i idrett.

For dei yngste legg vi mest vekt på basis/grunntrening slik at borna vert rusta for å kunne delta i mange slags idrettar.

Skape eit godt sosialt miljø.

For dei eldste handlar det meir om å kunne gi ei tilbod til kvar enkelt, slik at dei kan legge sitt eige nivå. Med mål om betre fysikk/kondisjon. Det sosiale er og viktig.

TRIMGRUPPA

Styret 2020

Leiar	Merete Myklebust
Kasserar	Ingunn Slettehaug
Skrivar	Borgny Hynne Hatleset
Styremedlem	Rita Tveita
Styremedlem	Ingunn Ask

Møter: Det vart halde 3 styremøte i 2020, samt kommunikasjon på sms og epost.

Aktivitet

Treningstidene fram til 12. mars-20 var måndagar kl. 20.00 – 2100, basisball onsdagar kl. 20.00-21.00, og torsdagar 19.00-20.00.

12. mars-20 vart hallane stengd. Veke 27 starta dei flinke trenarane opp med utetrening med påmelding via facebook. (grupper a 4 stykk. Dette vart godt motteke. Frå veke 21 var det 7 i kvar gruppe, og frå veke 22 10 i kvar gruppe. Ut over sommaren varierte det kor mange grupper det var, men det var ikkje lange perioden det ikkje var noko tilbod!

Stor takk til trenarane som stilte opp og organiserte fine og gode treningar i all slags ver.

Frå veke 42 var det trening i hallen. Fortsatt med påmelding via facebook. Måndag kl 20, torsdag kl 19. Anne Solheim og Jannike Juvik hadde eine treninga, og Eilin H. Aase den andre. Det kunne vere 20 stykk på trening. Styret i trimgruppa hadde «turnus» på å vere smittevern vakt på treningane. Når step skulle nyttast måtte dei settast fram, og deretter vaskast etter trening. Det var vakta sitt ansvar.

Anne Marit Rygg fortsette med utetrening onsdagar nesten fram til jul.

Det var godt frammøte på alle treningane. Vi i styret og medlemmane set stor pris på dei flinke trenarane og tilbodet dei har gitt oss.

Torunn Solheim har sagt seg villig til å ta over basisballtreningane etter Anne Marit Rygg. Ho skulle starte opp i 2021, men smitteverntiltaka avgjer når det blir .

Styret 2021.

Borgny Hatleset (leiar)

Ingunn Ask

Ingunn Slettehaug (kasserar)

Marianne Buanes (ny)

ARBEIDSPLAN 2021 - TRIMGRUPPA

Arbeidsplan for 2021. Trimgruppa.

1. Halde fram med eit godt treningstilbod så langt det lar seg gjere i denne koronatida.
2. Arrangere Superlaurdag til hausten dersom smittesituasjonen gjer det muleg.
3. Treningsavgift kr 700 for treningane måndag/torsdag, og 600 for basisball på onsdagar.
4. Behalde dei gode trenarane våre. Godtgjersle, tilbod om kurs og utstyr.

Merete Myklebust
-avtroppande leiar-

Borgny Hatleset
-skrivar-

SKI- OG ORIENTERINGSGRUPPA

Styret har sidan årsmøte 6. februar i 2020 vore:

Leiar/kasserar: Åsmund Berthelsen. Styremedlemmar: Torgeir Herstad, Torgeir Fauske, jann Lykkebø Svorstøl og Norid Linda Smådal. Valnemnd har vore Odd Arne Hamre og Ole Eiliv Fimland.

Det har vore eit par felles styremøte mellom ski- og o-gruppa og Instedalen skianlegg. Sakene har vore plan for aktivitetar, utbygging i skianlegget og drifta av skianlegget. På fellesmøte har vi også drøfta å investere i nytt prepareringsutstyr.

Ski



Frå eit av to renn som vart arrangert i 2020, Tambarrennet den 15.februar.

Snøen kom ikkje skikkeleg før til vinterferien i veke 8, og den 12.mars stengde all organisert skiaktivitet på grunn av korona. Difor fekk vi berre arrangert to skirenn, det tradisjonelle Tambarrennet den 15.februar og eit renn i samband med Insitaden den 1.mars. Etter det var det mykje uorganisert skiaktivitet med bruk av både skianlegget og løypene i Vonaområdet.

Vi fekk korkje arrangert lagsmeisterskap eller hadde grunnlag for å dele ut premiar for deltaking i karusellen.

Såleis har vinteren 2021 vorte vesentleg betre. Det har ikkje kome mykje snø, men med mange kalde grader har det vore stabilt skiføre og gode løyper i ein og ein halv månad. Gruppa har arrangert fem karusellrenn og har planar om tre til. Eit vart avlyst

på grunn av eit større smitteutbrot i kommunen. På dei fem fyrste renna har vore mellom 30 og vel 40 deltakarar på alle.



Lys i heile skileikanlegget og i skiløype var det store framsteget i 2020!

I 2020 vart det heller ikkje arrangert skiskule meir enn ein gong. Medan det no i starten av 2021 er arrangert kvar måndag sidan 4.januar med svært god deltaking, både 30 og 40 ungar kvar gong! Skiskulen er ein del av tilbodet til barneidretten i Tambarskjelvar. Den store hendinga på anlegg i 2020 var at lysanlegget var ferdig og slått på! Det har gjort at aktiviteten på kveldstid har auka mykje. Og karusellrenna kan gå på kveldstid og ikkje berre på laurdagar/sundagar. Ski- og orienteringsgruppa meiner at Tambarskjelvar II v/styret må vere med på å finansiere løypemaskin eller anna og nytt prepareringsutstyr.


Skitrening

Ski- og o-gruppa har mange gonger drøfta å kome i gang med organisert skitrening for eldre ungar og ungdom, men ikkje greidd det så langt. No kan det vere håp om å få hjelp av skikrinsen med å finne nokon som kan ta på seg dette. Målet må vere å kome i gang med dette frå hausten 2021, både på barmark og når det er snø. Kan hende også rulleskitrening.

Orientering

Det vart arrangert både **stolpejakt og turorientering** sommaren 2020 med rekordmange postar/stolpar. 60 av dei 90 var postane var felles for stolpejakta og turorienteringa. Dei siste 30 var såkalla grønne postar som alle skal nå, både dei som brukar rullestol eller har med seg barnevogn. Desse var plassert i sentrum og Instedalen, frå skulen og innover langs Reinevegen.

Elles var det postar/stolpar i Helgåsmarka, område frå Gjerdeura til Hystølen, på vegen til Vonavatnet og innover på sørsida. Og det var postar i Naustdalslia, både sør og nord for Gullbrua.



Tur-orientering

34 av dei som har gått tur-orienteringa har registrert seg på turorientering.no. Av desse har 13 greidd gull, to sølv og ein bronse. Seks av dei 34 har vore på alle postane. Ein ny deltakar har fått 20-årsmerke. Og ein har fått bronseplakett. Det vil seie at ein må ha fått gullmerke i fem år. Den eldste som har vore med på turorientering er 75 år, medan den yngste er tre år. Nokon har vore med for fyrste gong, medan andre har vore med i mange år.

Stolpejakt

199 prøvde seg som stolpejagarar i Naustdal i 2020. I alt var det 3342 besøk på stolpar. I snitt var stolpejagarane inno 16 av stolpane. Jegarane kjem frå fleire kommunar, flest frå Sunnfjord og Bergen. Men også fleire frå austlandskommunar og nordfrå også. Den eldste stolpejagaren var fødd i 1939 og den yngste i 2019.

10 av stolpejagarane er fødd i 1957 medan 13 er fødd i 1968. Fjorten av stolpejagarane fann alle dei 60 stolpane!

Etter kvart er det mange som driv med stolpejakt i alle delar av landet, men flest i Hedmark og Oppland, no Innland. I Sogn og Fjordane er det berre Naustdal og Tambarskjelvar som har stolpejakt.

Barneidretten - idrettsskulen

Ski- og o-gruppa har orientering på idrettsskulen omlag tre gonger om våren og tre gonger om hausten. Det har vore skiftande oppslutnad, men i september var det ganske mange som deltok. Særleg på natt-orienteringa gruppa har saman med

Barnas turlag fyrste måndagen etter at klokka er stilt i oktober. Då er det med både 20 og 30 på å finne postar i Øyra Løken-området.

Ski- og o-gruppa har også vore medarrangør av Vinterveka som går i vinterferien. Her var det om lag 40 ungar med i 2020. Og det same talet i 2021.

O-løp når det passar

Norvald Ospehaug sette ut postar og laga kart som vart lagt i ei plastkasse i krysset ut mot Kletten. Her kunne folk ta kart og springe når dei ville. Og mange nytta seg av tilbudet. Om det ikkje passar å delta på treningsløp eller nærløp på faste tider, er dette eit godt alternativ for dei som vil bruke skogen for å trene, både kroppen og hjernen.

Haustbløyta

Den årlege og tradisjonelle Haustbløyta vart arrangert 4.oktober med start og mål i Instedalen skianlegg, med kring 30 deltakarar frå Førde og Nordfjord. Norvald Ospehaug sto for løypelegginga og utsetting av postar. Åsmund Berthelsen var løpsleiar. Frå Tambarskjelvar var det med tre.



1Spektakulær målgang på eit av løpa under Fjord-o 2020! Foto: Norvald Ospehaug

Fjord-o 2020

Tambarskjelvar var med å arrangere det største o-løpet i Norge i sommar! Nesten 600 deltok på dei fire løpa som Tambarskjelvar og Førde arrangerte! Løpa vart

arrangert i tråd med smittevernreglane. To av dei fire løpa gjekk på Ramsdalsheia. Den eine dagen på sørsida av tunnelen og på nordsida den andre dagen, 22. og 23.juli. Dei to andre løpa gjekk i Førde med Langeland som samlingsplass den 25. og 26.juli. Åsmund Berthelsen, Norvald Ospehaug og Jan M Herstad var med i hovudkomiteen for Fjord-o 2020. Åsmund var leiar i hovudkomiteen. Norvald var kartmakar og løypeleggar for løpa i Naustdal og Jan var løpsleiar i Naustdal. I tillegg stilte Naustdal Røde Kors opp med sanitetsteneste både i Naustdal og Førde. Det var svært mykje vellæte å høyre om både terreng, kart, løyper og organisering. Og i tillegg gav arrangementet ei solid inntekt til gruppa. Overskotet var på totalt 225.000 kr. Overskotet medrekna dekking av utgifter til utstyr vart delt likt mellom klubbane. Tambarskjelvar fekk netto utbetalt om lag 106.000 kr. Tilskot frå Sparebankstiftinga, Sunnfjord utvikling og deltakaravgift utgjorde hovuddelen av inntektene. I tillegg kom parkeringsinntekter. Det er utarbeidd eit eige rekneskap og ein eigen rapport for Fjord-o-2020.

Korona-året 2020
Nye trende

Topp 25 arrangement 2020

Arrangement	Klubb	Krets	Starter
Fjord-O dag 1	Førde IL og IL Tambarskjelvar	Sogn og Fjordane	583
Fjord-O dag 3	Førde IL og IL Tambarskjelvar	Sogn og Fjordane	576
Fjord-O dag 4	Førde IL og IL Tambarskjelvar	Sogn og Fjordane	576
Fjord-O dag 2	Førde IL og IL Tambarskjelvar	Sogn og Fjordane	572
Fjelløpet i Vinje dag 2	Porsgrunn OL	Vestfold og Telemark	512
Fjelløpet i Vinje dag 1	Porsgrunn OL	Vestfold og Telemark	501
Gelø 2-dagers dag 1	IL Gular	Buskerud	484
Askerløpet	Asker SK	Akershus og Oslo	447
Nydalen KM langdistanse	Nydalens SK	Akershus og Oslo	435
Gelø 2-dagers dag 2	IL Gular	Buskerud	434
Veteranmesterskapet mellom	Eiker OL	Buskerud	417
NM stafett	Freidig/Malvik/Wing	Sør-Trøndelag	399
Hemingsløpet	Heming	Akershus og Oslo	373
Oppdal 2-dagers dag 1	Freidig	Sør-Trøndelag	371
Veteranmesterskapet lang	Eiker OL	Buskerud	370
Oppdal 2-dagers dag 1	Freidig	Sør-Trøndelag	357
NM mellomdistanse finale	Freidig/Malvik/Wing	Sør-Trøndelag	357
Fossumløpet	Fossum IF	Akershus og Oslo	355
KM sprint	Asker SK	Akershus og Oslo	346
Hovedløpet sprint	Østmarka OK	Akershus og Oslo	346
NM ultralang	Lierbygda OL/IF Sturla	Akershus og Oslo	339
Hovedløpet lang	Østmarka OK	Buskerud	337
Romeriksløpet	Raumar Orientering	Akershus og Oslo	330
Ivar-ø-løpet	IL Tyrving	Akershus og Oslo	328
Ski-ø-treff mellomdistanse	Nordmarka Ski-ø-klubb	Akershus og Oslo	325
			307

I rapporten er det peika på kva eit slikt arrangement generer av inntekter for området. Dette er eit viktig poeng for å skaffe sponsorar i framtida: «Dersom ein med varsam rekning tenkjer seg 580 deltakarar som kvar brukar 1500 kroner i 5 dagar gir det ein omsetning på 4 350 000 kroner. Dette er inntekter som først og fremst tener lokalt næringsliv. Dersom framtidig arrangør reknar 1000 deltakarar vil det kunne bli 7,5 mill).»

Fjord-o 2020 var det største o-arrangementet i Norge i koronaåret 2020!

Økonomi

Rekneskapen syner eit overskot på om lag 62.000 kr, mot eit underskot i 2019 på om lag 34.500 kr. Med det har gruppa ein styrka økonomi pr.1.januar. Pr. 31.12.20 har gruppa om lag 71.500 kr på konto. Overskotet for Fjord-o 2020 på 106.500 kr er fyrst overført til konto no i 2021. Med det har gruppa ein solid økonomi både til drift og til ustyr/investeringar og kan nytte midlar til auka aktivitet om ein vil. Det mest aktuelle er å gå inn med noko midlar til innkjøp av løypemaskin i skianlegget eller til

å få bygd ut med lager/garasje. Det kan også vere aktuelt å få laga til fleire orienteringskart.

Vurdering

Gruppa har hatt eit aktivt år med fleire og varierte aktivitetar for ski- og orienteringsinteresserte i Naustdal, særleg for dei yngste i laget. Det er god oppslutning om aktivitetane, både stolpejakt, tur-orientering, skiskule, Instiade og Vinterveke. I orientering har gruppa også hatt arrangement for deltakarar utanfrå. Det vart gjort ein solid innsats frå fleire for å arrangere Fjord-o-2020 som vart ein suksess.

Å få flest mogleg fysisk aktive med ski eller orientering er hovudmålet. Men det må også vere eit mål å få fleire til å gå vidare og drive med orientering og ski som idrett og delta i konkurransar utanfor for Naustdal. Gruppa må arbeide med å få engasjert trenar eller trenarar i både orientering og ski.

Økonomisk er gruppa godt på plussida og har litt økonomi til å satse på det som er nemnt over, men også medverke til å få til fleire o-kart og få bygd garasje/lager i skianlegget eller kjøpe inn løypemaskin.

Forslag til styre i ski- og orienteringsgruppa

Åsmund Berthelsen (leiar og kasserar)

Torgeir Herstad

Torgeir Fauske

Norid Linda Smådal

Valnemnda arbeider med å finne ein person til i styret.

Frå og med neste år skal to og tre skiftesvis vere på val kvart år.

Vedteke på årsmøte i ski- og orienteringsgruppa 25.2.21

23.2.2021

Åsmund Berthelsen (styreleiar og kasserar)

ARBEIDSPLAN 2021 – SKI- OG ORIENTERINGSGRUPPA

Forslag på årsmøte 25.2.2021

Arrangement

Ski

1. Karusellrenn for alle aldersgrupper med langrenn og langrennscross ein gong i veka frå januar til mars i 2022. Det vert satsa på å ha det på onsdagskveldane.
2. Tambarrennet i midten av februar 2022. Krinsrenn/soneren i langrenn/langrennscross.
3. Vere med å arrangere Vinterveka (veke 8) – 21.-25.februar saman med Instedalen skianlegg og Åsmunds skiskule.
4. Vere med å arrangere Instiaden søndag 6.mars saman med Instedalen skianlegg, Instedalen krins, Von 4H og Åsmunds skiskule

Orientering

5. Arrangere o-løp for alle i samband med øktene på idrettsskulen i perioden frå april til juni.
6. Arrangere o-aktivitetar (skulesprinten og Verdás o-dag)for klassar ved Naustdal og Vevring skule 19.-25.mai.
7. Arrangere tur-orientering og stolpejakt etter same opplegg og med fleire fellespostar som i 2020.
8. Arrangere tre Finn-Fram-dagar: ein i april med opning av tur-o-sesongen, ein i september og ein i november (nattorientering). Dagane vert arrangert saman med barneidrettsgruppa og Barnas Turlag.
9. Legge ut o-kart med innteikna løyper fleire gonger i april/mai eventuelt legge ut løyper på digitalt kart på nettet.
10. Arrangere nattløp og Haustbløyta fredag 1. og laurdag 2.oktober

Anna

Ski

1. Få i gang felles barmarkstrening for langrenn hausten 2021.
2. Prøve å få i gang fellestrening på rulleski sommaren/hausten 2021.
3. Prøve å få i gang langrennstrening ein gong i veka gjennom heile vinteren.
4. Vere med å få til Draumeplassen (gapahuk, ski- og sykkeltrasear i terrenget, klatreområde) i Instedalen skianlegg.
5. Støtte drifta av skianlegget, preparering og brøyting.
6. Vurdere å støtte kjøp av ny Skjeldalfres og ein ekstra sporsettar for å ha både i skianlegget og ved Vonavegen.
7. Vurdere støtte til å bygge lager og garasje i skianlegget.
8. Arbeide med å skaffe midlar til innkjøp av rulleski, søkje spelemidlar til utstyr.

Orientering

1. Lage o-kart for nye område i Naustdal
2. Arrangere kurs i bruk av kart og kompass for ungar og vaksne tidleg vår 2021.

24.2.2021. Åsmund

Vedteke på årsmøte i ski- og orienteringsgruppa 25.2.2021

TRIATLON OG SYKKEL

Styret

Styret har i 2020 bestått av:

Vidar Slettehaug (Leiar)
Stig Savland (Nestleiar)
Athina Alisøy Karipi (Styremedlem)
Steffen Stuhaug (Styremedlem)
Are Iversen (Styremedlem)

Medlemmar

Gruppa har i 2020 hatt 29 registrerte medlemmar. 8 av medlemmane er under 18 år.

Treningsavgift i 2020 har vore:

Barn u/12: Gratis.

Ungdom 13-17: 100,-.

Vaksne: 400,-

Familie: 800,-

Økonomi

Gruppa har ein sunn økonomi. Aktivitetsmidlar frå hovudlaget er største inntektspost . Største kostnadspost er kontingentar til Norges Sykkelforbund. Rekneskapen viser eit overskot på kr 4 576,- .

Trening

Aktiviteten i gruppa har vore sterkt prega av Covid-19 og har vore på eit minimumsnivå frå mars månad.

Fram til midten av mars blei det gjennomført Spinning på Kommunehuset i Nasutdal kvar tysdag. Resten av året har aktiviteten vore låg.

Hausten 2020 har gruppa ikkje hatt tilgang til å leige spinningsalen av Kommunen, på grunn av smittevernomsyn.

Konkurransar

Konkurransaktiviteten har av naturlege grunnar vore låg. Steffen Stuhaug, Stig Savland og Åge Kalstad deltok på Sunnfjord Ultra. Steffen Stuhaug deltok på den «Den stygge Andungen».

I tillegg har medlemmar delteke på forskjellige virtuelle konkurransar.

Anna aktivitet

Vidar Slettehaug har gjennomført teoridelen av Trener 1 Kurs i Triatlon i løpet av 2020. Praksis vil bli gjennomført i løpet av 2021.

Nytt styre 2021 ser slik ut:

- Steffen Stuhaug –Styroleiar.
- Stig Savland - Nestleder
- Vidar Slettehaug – Styremedlem
- Are Iversen - Styremedlem.

ARBEIDSPLAN 2021 - TRIATLON OG SYKKEL

Generelt

- Utvikle eit godt og inkluderande miljø som inspirerer til trening og deltaking i konkurransar for både barn og vaksne.
- Samarbeide med det øvrige sykkel- og triatlonmiljøet i Sunnfjord om trening og konkurransar.

Treningstilbod

- Oppretthalde og utvikle dagens treningstilbod
- Fast tysdagstrening gjennom året, både inne og ute.
- Auke oppslutnaden om treningane på søndagar.
- Oppfordre medlemmane til eigentrening.
- Auke tilbodet på løpetrening i gruppa enten i eigen regi eller gjennom samarbeid med andre grupper i Tambarskjelvar IL.

Ungdomsgruppe

- Etablere eiga ungdomsgruppe med formål å styrke arbeidet rundt tilbodet til barn og unge i gruppa.
- Sende ei gruppe til HardRock Terrengcamp i Juni.

Konkurransar

- Informere om aktuelle konkurransar som medlemmane kan delta på og legge til rette for felles opplegg knytt til reise og opphald til konkurransar.
- Gjennomføre lågterskelkonkurransar for både born og vaksne i Naustdal/Sunnfjord.

Kurs

- Sende medlemmar på kurs i regi av NTF og NCF for å auke kompetansen i klubben på trening. Kursaktiviteten skal hovudsakeleg rettast mot kurs som gir kompetanse på å trene barn og unge.

VEKTLØFTARGRUPPA



Aktivitet

2020 Har vore eit spesielt år for vektløftargruppa, dar fokus på å ha det kjekt i lag og oppnå best mulig resultat har flytta seg til i perioda spørsmål om å i det heile få lov å trene. Grunnen er selfølgeleg coronapandemien. Når en oppsumera 2020 ser ein alikevel at ein har evna å ha bra aktivitet og mange fine resultat. Vi må nevne Lag nm på heimebane i desember og Nordisk senior som blei arrangert digitalt med base i Naustdal som gode døme på dette. Som døme på kor vanskeleg året har våre kan ein nevne nm ungdom som blei arrangert i tysvær, der valde Tambarskjelvar i samråd med foreldra å ikkje reise.

Trenarar

I 2020 har Gunnar Reiakvam, Håvard Røyseth, Odd Gunnar Røyseth og Stian Grimseth fungert som trenara/lagledara. Vi har og LL trenar Zygmunt Smalcerz i Naustdal og vektløftargruppa har hatt god nytte av han.

Naustdal skule har i 2020 desverre valgt å ikkje vidareføre vektløfting som valgfag.

Idrettshjulet til Tambarskjelvar har som vanleg hatt 4 økter med vektløfting der ca 20 stk i alderen 7-12 får ei innføring i vektløfting .



Organisasjon

Styret er samansett av 5 medlemmer og 1 vara medlem og fekk på årsmøte i 2020 denne samansettinga

Leiar: Steinar Kvame

Gunnar Reiakvam

Irene Lunde Aven

Anette Reiakvam

Lone Kalland

Roy Andre Solvåg Hellevang

På konstituerande Styremøte 25/2 blei Gunnar Reiakvam valgt som nestleiar, Irene Lunde Aven kasserar og Roy Andre Solvåg Hellevang blei valgt som sekretær.

Styret har hatt 8 møter i 2020 og behandla omlag 30 saker, i tillegg har vi hatt relativt hyppig kontakt på styret si messengergruppe.

Utmerkelsar

Gunnar Reiakvam blei tildelt Nordisk tyngdlyftningsforbundets hederstegn for sin mangeårige innsats til fremme av vektløfting i norden



Økonomi

Økonomien i 2020 har våre bra. vi har hatt mindre reiseaktivitet enn normalt, i tillegg har vi arrangert eindele stevner sjølv. Stian Grimseth og Geir Grønnevik har gjort ein god jobb med å skaffe nye sponsoravtaler som varer frå 2020 til 2023.

Hall leiga i sunnfjord kommune har gått eindele ned, det er positivt for økonomien framover, men samtidig er vi blitt ei stor gruppe so det er kostbart å reise på stevne, so vi må nok basere oss på litt egenandela også i tida framover.

Sportsleg Aktivitet 2020

NM Senior Vigrestad 29.02.20-01.03.20

Tambarskjelvar stilte med 3 Damer og 3 herrar

Damer:

Marit Årdalsbakke tok gull i klasse 71 kg

Lone Kalland tok gull i klasse 87 kg

Iris Luna Millstein kom på 5 plass i klasse 59kg

Herre:

Jantsen Øverås tok gull i klasse 81 kilo

Ragnar Holme Tok sølv i klasse +109

Tore Gjøringbø tok bronse i klasse 85

NM Junior Hitra 05.11.20

Tambarskjelvar stilte med 4 damer og 7 Herrar

Emma Reiakvam Gull klasse 55 kilo

Trine Endestad Hellevang Bronse klasse 64 kilo

Carmen Grimseth Gull klasse 87 kilo

Ina Brendø Sølv klasse 87 kilo

Aksel Svorstøl gull klasse 61 kilo

Kristian Lunde Aven 4 plass klasse 67 kilo

Joachim Offman sølv klasse 73 kilo

Henrik Reiakvam bronse kl 73 kilo

Kristen Røyseth gull klasse 81 kilo

Mathias Lunde Aven sølv klasse 81 kilo

Ragnar Holme Gull klasse +109 kilo

NM 5-kamp Sandane 03.10.20

Tambarskjelvar stilte med 4 damer og 12 herra

Ine Anderson Gull i klasse 24-34 år

Emma Reiakvam 6 plass i klasse 15-16 år

Trine Endestad Hellevang 7 plass i klasse 15-16 år

Carmen Grimseth fekk ikkje resultat

Aksel Svorstøl gull klasse 13-14 år

Alvolai Røyseth Sølv klasse 13-14 år

Arnt Ole Mitbø Kolås 6 plass klasse 13-14 år

Nima Berntsen 7 plass Klasse 13-14 år

Brede Tengeli Lesto 8 plass klasse 13-14 år

Johannes Solvåg Hellevang 11 plass klasse 13-14 år

Jonathan Gustavsen 12 plass klasse 13-14 år

Kristen Røyseth Gull klasse 15-16 år

Henrik Reiakvam 4 plass klasse 15-16 år

Kristian Lunde Aven 6 plass klasse 15-16 år

Iver Svorstøl 11 plass klasse klasse 15-16 år

Mathias Lunde Aven sølv Klasse 17-18 år

NM-lag Naustdal 12.12.20



Gullvinnarane NM lag

Årets NM lag blei arrangert kun for senior damer og senior herrar. Tambarskjelvar vant Gull i begge kategoriar. På damelaget var Karoline Linga, Carmen Grimseth, Marit Årdalsbakke, Lone Kalland og Ine Anderson

På Herrelaget var Evald Osnes Devik, Mathias Lunde Aven, Stein Inge Holstad, Tore Gjöringbø, Jantsen Øverås og Ragnar Holme

Nordisk Ungdom og Junior Tysvær Norge 19.12.20

2 løftara var tatt ut frå Tambarskjelvar

Carmen Grimseth fekk gull i klasse +81 kilo med 64 kilo i rykk og 80 kilo i støt

Mathias Lunde Aven fekk sølv i klasse 81 kilo med 98 kilo i rykk og 120 kilo i støt

Nordisk Senior

Årets Nordisk senior blei pga Corona arrangert som eit online stevne med dei norske løftarane samla i Naustdal. Tambarskjelvar stilte med 3 løftara

Ine Anderson tok gull i klasse 59 kilo med 88 kilo i rykk og 110 kilo i støt

Lone Kalland tok sølv i klasse 81 kilo med 91 kilo i rykk og 110 kilo i støt

Ragnar Holme tok sølv i klasse +109 kilo med 140 kilo i rykk og 170 kilo i støt

Norske Rekordar

Det har i løpet av 2020 blitt sett 9 norske rekordar av Tambarskjelvar sine løftarar. Dei fordelar seg slik:



05.09.20 Kristen Røyseth UM kl 81kg støt 125kg og samanlagt 215 og 220 kg



03.10.20 Carmen Grimseth UK kl +81 kg Rykk 70kg. Det er og junior rekord kl 87kg



04.10.20 Mathias Lunde Aven UM kl 81 Rykk 96 kg og rykk 100 kg



12.12.20 Ragnar Holme JM klasse +109 Støt 181kg og sammenlagt 326kg

Naustdal 25.02.20 Styret Vektløftargruppa

Steinar Kvame
Reiakvam

Gunnar Reiakvam

Irene Lunde Aven

Anette

Lone Kalland

Roy Andre Solvåg Hellevang

Nytt styre 2021

Gunnar Reiakvam, fungerande leiar fram til valnemnda får på plass ny

Irene Aven

Anette Reiakvam

Lone Kalland

ARBEIDSPLAN 2021 – VEKTLØFTARGRUPPA

Ligg ikkje føre til Årsmeldinga.

BANESTYRET FOR NAUSTDAL STADION

Styret har ikkje hatt møte i 2020. Ikkje behov for møte. Det er komt inn ein ny pers i styret som er kommunen sin representant. Kåre Holseter

Det har vert lav aktivitet på stadion dette året.

Leiar har konsentrert seg om å få kontakte alle stadionreklame-bedrifter som har teikna ny kontrakt og innhenta nye stadion reklame sponsorar.

Det er montert eit nytt stadionur over kiosk/speakerbu

Kåre Holseter har rensa bana med utstyr fra Hafstadparken.

Det vart montert nye pærer i lysmastene på stadion. Sunnfjord kommune hadde ikkje avsett midlar til dette. Driftstyret har betalt for dette.

Det er rydda opp i redskapshuset. Bord og benker som idrettslaget har er lagra i lager i Naustdalshallen.

Det er kjøpt inn nye tennisstolper da desse var ødelagt.

Styresamansetning: Bjørn Hundershagen, Jan Magne Aasnes, Tore Personbråten, Siss May Edvardsen og Kåre Holseter

ARBEIDSPLAN 2021 – BANESTYRET

Lage til ein vedlikehaldsplan og få til ein avtale om drift av stadion. Her må Sunnfjord kommune samarbeide med idrettslaget og komme med ein plan.

Det er lova ein plan for drift av anlegg i heile kommunen.

Innhente pris for å få nytt gjerde for reklameskilt.

Traktoren treng vedlikehald slik at vi kan bruke alt av vedlikehald/slodde utstyr.

Rense tartandekke med vatn.

Bjørn Hundershagen, Leiar 19.02.21

BRUKSSTYRET FOR NAUSTDALSHALLANE

Bruksstyret slik det fungerte tidlegare, har til dels ikkje vore funksjonelt i 2020. Det har i 2020 vore arbeidd saman med Sunnfjord kommune for å få på plass felles drift for alle kommunale hallar i Sunnfjord kommune. Ny driftsmodell og nytt prissystem er no vedteken, og i 2021 vil utleige og fakturering av leige skje i regi av Sunnfjord kommune.

Grunna smitteutbrot av Covid-19, vart hallane stengt 12.mars 2020. Hallane har vore tidvis opne gjennom 2020.

I vekedagane er Naustdalshallen hovudsakleg leigd ut til gruppene i tidsrommet januar-mai og oktober-desember. Tambarskjelvar IL organiserer frivillige for vakthald ettermiddag/kveld i dette tidsrommet. Over året utgjer dette om lag 660 timar frivillig innsats. Tusen takk til alle som bidreg inn i vaktordninga!

Bruksstyret har ein digital kalender på www.tambarskjelvar.no/hallen som viser utleige av Naustdalshallen I, garderobar, tribunekiosk og møterom Tambarskjelvar.

I helgane har hallen vore utleigd til grupper i idrettslaget, men og til andre idrettslag/forbund.

Naustdalshallen II er utleigd til Vektløftargruppa til fast pris.

Vektløftargruppa har høg aktivitet i hallen, både i høve faste treningar, men og i høve utleige til enkeltpersonar som nyttar hallen til eigentrening. Det har i 2020 vore restriksjonar på utleige til personar over 20 år grunna smittevern.

ARBEIDSPLAN 2021 - BRUKSSTYRET

Den nye driftsmodellen gjennom Sunnfjord kommune fordrar at Tambarskjelvar IL har ein/to representantar inn i eit kommunalt driftsstyre. Dette driftsstyret skal samordne utleige av hallane. Det er viktig for Tambarskjelvar å få på plass ein slik funksjon i 2021.

Vi skal starte arbeidet med å få på plass nytt dekke i Naustdalshallen I.

Vi treng å halde kurs for dei frivillige vaktene, både med omsyn til vanlege oppgåver i samband med vakthaldet, men særleg i høve branninstruks. Det er elles viktig å få på plass fleire vakter for å kunne halde leigeprisene nede.

Budsjett Naustdalshallane 2021

Sidan utleige og fakturering f.o.m. 2021 vil skje i regi av Sunnfjord kommune, er det ikkje utarbeidd budsjett av bruksstyret.

INSTEDALEN SKIANLEGG

Orientering om aktivitetar, utbygging, drift og økonomi i 2020/2021

Aktiviteten:

Medan det i 2019 var mest snø før vinterferien (veke8), kom det meste av snøen fyrst etter vinterferien i 2020. Og det var tåleg godt skiføre til langt ut i april. Men den 12.mars vart det meste stengt ned på grunn av covid 19, og det var ikkje høve til organisert aktivitet og bruk av klubbhuset. Men mange nytta høve til å gå på ski både i skianlegget og i Vonaområdet. Løyper og anlegg vart preparert til midt i april. Vinterveka og Instiaden vart arrangert som planlagt, med god deltaking på baa. Det vart arrangert to karusellrenn, eit i samband med Instiaden. Og i starten på februar var skianlegget med å arrangere ein kom-deg-ut-dag saman med Barnas turlag. Med lysanlegget på plass auka bruken av anlegget betydeleg på kveldstid. Både Naustdal skule og Lunden barnehage nytta anlegget til aktivitetsdagar.



Det vart berre arrangert to karusellrenn i 2020, eit midt i februar og eit i samband med Instiaden.

Drifta

Anlegget, løypa og parkeringsområda var brøyta og preparert til kvar ettermiddag, kveld og helg. Veg og parkering ved Vonavegen var brøyta og løype preparert til Vonavatnet til kvar helg, og nokre gonger også midt i veka. Det vart lite løypekøyning innover i Vonaområdet på grunn av lite snø. Inge Svorstøl har hatt prepareringa av løyper og anlegg. Kim Horstad har hatt all brøytinga, og Torgeir Herstad har køyrd skuterløyper innover i Vonaområdet. Medan det i 2018/19 vart brukt 60 timar til preparering, vart det vinteren 2019/2020 brukt om lag 85 timar. Tal timar til brøyting var om lag 30. Vi har ikkje eit ferdig rekneskap å legge fram, men saldo på driftskontoen er pr. 31.12.2020 om lag 210.000 kr. I det ligg det også eit tilskot til Draumeplassen på 75.000 kr, men det er også brukt ein del midlar til å grave gjere klar tomta til ein gapahuk ute i løypa. Skianlegget har gjennom Instedalen krins fått refundert moms til drift og vedlikehald. Skianlegget har ein buffer til å dekke eventuelt

store driftsutgifter, men førebels for 2021 ser det bra ut, med god inntekt på dags- og årskort i januar i år. Prisane på dags- og årskort har vore dei same i 2020 som i 2019.



Ein ny hoppbakke som erstattar dei to vi hadde, var klar rett før nyttår. Dei som har vet på det, meiner den fungerer bra!

Utbygginga og utstyr

Lysanlegget var ferdig rett før jol i 2019 og anlegget har fungerte godt gjennom heile 2020-segongen og no i starten på 2021. Sunnfjord kommune har det økonomiske ansvaret for utbygginga av lysanlegget, og det er sendt inn ny søknad om spelemidlar. Anlegget er godkjent som friluftsanlegg og 50% av kostnadene vil verte dekkja av spelemidlar. Total kostnad vil vere på om lag 3 mill kr. Då er også utgifter til ny straumforsyning frå trafo lagt inn. Skianlegget har ansvaret for det praktiske med bygging og for drifta av anlegget. Straumutgiftene har så langt ikkje auka så svært mykje og utgjør ein liten del av utgiftene. Med tildeling av ekstra spelemidlar vart det ikkje behov for å nytte tilskotet frå Sparebankstiftinga og frå Tambarskjelvar IL til lysanlegget. Sparebankstiftinga har sagt ja til å omdisponere tilskotet til ei eventuelle løypemaskin og ein garasje/lager.

Styret i skianlegget har drøfta kjøp av løypemaskin og har bede om at det vert teke opp som sak på årsmøte i Tambarskjelvar i mars månad. Andre vil også verte søkt om tilskot til det, og det er mogleg at skianlegget også kan nytte noko midlar til det.

Elles vart ein også nesten heilt ferdig med ny hoppbakke (K7) i desember 2020. Bakken har no ein moderne profil – og er noko større enn den andre hoppbakken i anlegget. Bakken er prøvd og funnen bra av det som har vet på det.

Det er også drenert og køyrd på grus i delar av skileikanlegget og det går å preparere med ganske lite snø.

Det vert framleis arbeidd med planar for eit sommaranlegg. Og ein har kome i gang med å bygge ein større gapahuk lengst ute i løypa. Tomt er grave ut og både reisverk og materialar er på plass. Det er naudsynt å søkje om byggeløyve då gapahuken ligg utanfor bebyggelsen.

Klubbhuset er måla og bokstavar til namn på veggen er kjøpt inn. Det same er sponsorskilt for dei seks sponsorane vi har, H.Kvame, NBN elektro, Reiakvam Antirust, Naustdal Dampbakeri og Sunnfjord kiropraktorsenter.

Det vert arbeide med å lage ei turløype i området aust for lysløypa lengst ute. I januar 2021 vart det køyrd køyrd opp ei prøveløype.



Lysanlegget har gjort at fleire nyttar både skianlegget og skiløypa meir på kveldstid.

Skianlegget har kjøpt trommel som kan nyttast til å preparere kuleløypene i anlegget.

Økonomi:

Rekneskapen er endå ikkje gjort opp, så vi har ikkje eksakte summar for driftsinntektene. Men skianlegget har pr. 31.12.20 inneståande 210.000 kroner på konto. Av dette er 75.000 knytt til Draumeplassen og bygging av ein gapahuk. Det er også brukt ein del av desse midlane til å grave ut og lage tomt. Med mange deltakarar og bra med støtte gjev også vinterveka ein del netto inntekt.

Korkje ski- og o-gruppa eller barneidretten har vorte fakturert for støtte dei to siste sesongane fordi drifta har gått så bra som ho har gjort.

Tambarskjelvar eig 60 prosent av aksjane i Instedalen skianlegg AS.

Tambarskjelvar er representert i styret i Instedalen Skianlegg med
Åsmund Berthelsen, Arne Ommedal og Jan M. Herstad.

Åsmund Berthelsen er på val som leiar i år. Arne Ommedal og Jan M Herstad er på
val som styremedlemmer.

25.februar 2021

Åsmsund Berthelsen(styreleiar)

Budsjett 2021 Instedalen Skianlegg as
Budsjett er ikkje levert til Årsmeldinga.

ØYRA LØKEN NÆRMILJØANLEGG



Pumptracken var ferdig i slutten av april og mot slutten av mai var vi også ferdig med finpussen.

Styret i nærmiljøanlegget legg fram melding for Tambarskjelvar IL fordi laget gjev tilskot til drifta og er representert i styret.

Det var dei seks grendalaga/velforeiningane i byggefeltet aust for Nausta som i si tid skipa Øyra Løken nærmiljøanlegg. No er det berre tre av dei som medverkar, praktisk, i styret og økonomisk. Det er Løken vel, Bekkevegen og Reinene velforeining og Ospeteigen grendalag. I 2020 er det berre Løken velforeining som har betalt inn tilskot. I tillegg har Tambarskjelvar ytt tilskot til drifta, men ikkje i 2020. Triatlon- og sykkelgruppa har betalt 15.000 kr i tilskot til bygginga av pumptracken.

Driftsutgiftene i anlegget/friområdet er i hovudsak straum til lysanlegget gjennom vinteren. Og dei utgiftene varierer med snøforholda og moglegheitene for å ake og gå på ski. Og no i vinter, etter forholda for å gå på skøyter på isflata som vi fekk til i haust. Slåing av gras vert gjort av ei arbeidsgruppe i kommunen og mest av Ole Eiliv Finland. Elles vert arbeidet gjort på dugnad.

Pumptracken vart ferdig våren 2020 og vart fort svært populær og mykje brukt. Rekkje stiuvtvikling hadde oppdraget som vart fullført på ein framifrå måte. Pumptracken er fullfinansiert og søknad om spelemidlar er sendt inn for tredje gong av kommunen.

Samla kostnad passerte ein million kroner medrekna meirverdiavgift. Det er rekna med 300.000 kr i spelemidlar. Vi har betalt inn tilskotet vi har fått frå Gjensidigestiftinga, Sparebanken Vest og Sparebankstiftinga. Kommunen har forskottet spelemidlane.

Med noko av midlane er sett opp informasjonsskilt på grindbygget, og det skal settast opp eit liknande skilt på parkeringsplassen der det også vert opplyst om at plassen er for dei som vitjar anlegget.

Det er også sendt inn ny søknad om spelemidlar til ballområde og diskgolfbane. Arbeidet med desse er starta opp. Det er kjøpt inn diskgolfforger og underlaget for kunstgraset er gjort klart. Kunstgras må tingast med det fyrste og vi vil så snart som mogleg i vår asfaltere rundt bana. Også til desse tiltaka har kommunen forskottet spelemidlar. Og vi har fått midlar frå Sparebankstiftinga til bana som no kan realiserast. Nærmiljøanlegget har midlar til rådvelde som kan dekke eigendelen, men det kan bli aktuelt å søkje om midlar frå fotballgruppa, om vi ikkje kjem heilt i mål med finansieringa. Vi reknar med å realisere både ballområdet og diskgolfbana sommaren 2021. Det vet ein del dugnadsarbeid med båe anlegga.



Med sponsormidlar frå Eninvest (50.000 kr) og frå Sparebankstiftelsen/Firda fekk vi nok til å legge asfalt på det området som er brukt til sandvolleyball slik at vi kan bruke det både til skøytebane og bandybane.

I styret har desse vore med:

Åsmund Berthelsen (leiar) med Kurt Hellenes som vara, Arne Nes med Leif Kvamsdal som vara, Kenneth Aven med Katrine Stubhaug som vara.

